



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2166 - 21/48360

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
05.07.2021

Avslag på søknad om dispensasjon til klagevurdering - gbnr 443/11 Toska

Tiltak: Frådelling og dispensasjon frå arealformål og byggegrense
Byggjestad: Gbnr: 443/11
Tiltakshavar: Kristoffer Toska

Saka gjeld

Søknad om frådelling av bustadtomt med påståande våningshus samt naustetomt med påståande gammalt naust. Søknad om dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan for Radøy og søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona, Pbl. § 1-8.

Statsforvaltaren har hatt saka til uttale og kom med uttale i brev datert 08.06.2021 med ref. 2021/8609.

Alver kommune gjorde 01.07.2021 slikt administrativt vedtak i saka:

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gjeve avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-formålet for frådelling av bustadtomt med tilhøyrande naustetomt på om lag 1800m² frå gbnr 443/11.

Deling av eigedomen krev dispensasjon frå LNF-føremålet. Når det ikkje vert gjeve dispensasjon, vert søknad om oppretting av ny grunneigedom avslått.

Med heimel i pbl § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d vert det gjeve avslag på søknad om løyve til frådelling av bustadtomt med tilhøyrande naustetomt på omlag 1800m² frå gbnr 443/11.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER